



Selje kommune

Ordfører

Olje og energidepartementet

Vår ref:
19/481-15

Dykkar ref.

Dato:
10.10.2019

Høyringsvar nasjonal ramme for vindkraft - Selje kommune

Selje kommune har bedt om utsatt frist for å kome med innspel til høyring på nasjonal ramme for vindkraft.

Selje kommune gjorde fylgjande endeleg vedtak i denne saka under kommunestyremøte 9. oktober 2019.

KS- 080/19 Vedtak:

1. Selje kommune er positiv til at ein samlar eit oppdatert kunnskapsgrunnlag for vindkraft. Kommunen finn likevel at framlegget til nasjonal ramme har manglar som bør adresserast. Sentrale manglar i nasjonal ramme er at den seier svært lite om korleis ein skal sikre at lokal kunnskap kjem fram i konsesjonsprosessen og korleis påpeikte manglar i kunnskapsgrunnlaget skal ivaretakast, spesielt i forhold til kommunane sitt høve til medverknad. Det er bekymringsfullt at nasjonal ramme har ein struktur som i stor grad liknar ein plan. Det er difor ei bekymring at nasjonal ramme i framtida kan verte tillagt tilnærma same vekt og betydning som ein nasjonal plan.
2. Kommunestyret går mot vindkraft i det framlagde området for vindkraft i Selje kommune. Side 24
3. Ny kunnskap om negativ utvikling for økosystem, naturtypar og artar, og auka bruk av areala til friluftsliv og turisme, bør leggjast til grunn for vidare forvaltning av fjell og kystområda. Det må vidare nyttast nok tid og ressursar på å skaffe eit godt kunnskapsgrunnlag for ein berekraftig bruk av areala. Utvikling av ny fornybar energi bør ikkje gå på bekostning av viktige nasjonale kulturarverdiar og kulturhistoriske landskapskvalitetar, naturmangfald, friluftsliv og større samanhengande natur- og kulturlandskapsområde.
4. I det grøne skiftet må ein sjå på alle moglegheiter for å skaffe ny fornybar energi, inkludert energieffektivisering, oppgradering av eksisterande kraftverk og å leggje til rette for at ny teknologi skal bli konkurransedyktig. Staten må, gjennom lovgiving og måten å skattlegge på med vidare, leggje til rette for ei framtidretta energiutvikling.
5. Selje kommune ber om at det vert gjort framlegg om naudsynte lovendingar slik at konsesjonar til vindkraft ikkje kan gjevast i strid med kommunestyrevedtak.

Helsing

Stein Robert Osdal
ordfører

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Adresse
Selje kommune, Kommunehuset,
6740 Selje

Telefon
57 85 85 00

Org.nr
970 541 705

E-post
post@selje.kommune.no

Internett
www.selje.kommune.no

